

Evaluering av det departementale forslaget om endring av §§ 6 og 8 i Lov av 18.mai 1990 no 12.

Innleiande merknader, om nedervd uttale, om gardsnamn og slektsnamn, om namnevern, om stortingsvedtaket av 13.januar 2009 m.m. Serlege hendingar i barne- og ungdomsåra kan forme oss for resten av livet. Eg gjekk på Eidvoll landsgymnas på slutten av 1940-åra, og to møte i Eidsvoll mållag hadde slik grunnleggjande betydning for meg. På det fyrste av desse møta hadde vi besøk av ein av aktørane i rettskrivingsnemnda av 1934, og på det andre møtet hadde vi besøk av ein av statens namnekonsulentar, og det er tala hans eg i dag vil minne om: Han fortalde at han som statens namnekonsulent hadde vorte utskjelt på det grovaste – for råda og avgjerdene sine. Det var ikkje grenser for kor ufint mange kunne ordleggje seg, og dette galdt fyrst og fremst bønder som hadde slektsnamn som likna på gardsnamnet, og som sikkert hadde dette som opphav eller utgangspunkt. Eg fekk bestemt inntrykk av at det var desse som representerte det eigentlege problemet for arbeidet hans. Han fortalde at skulle vi finne fram til det rette namnet, måtte vi høyre på den levande uttalen i bygdasamfunnet og helst ha som utgangspunkt at den skrevne forma var feil; serleg viktig var det å høyre på gamalt folk. Han fortalde levande kor verdifullt dette namnet var, for språket vårt, for å forstå busetjings saga vår osv., og for meg har dette vore kunnskap eg har teki vare på og bygt vidare på, og eg har mange gonger fått røyne at det han sa, var sant. Eg har meint han brukte uttrykket nedervd uttale, men dette er eg i dag usikker på. Men eg har brukt uttrykka nedervde stadnamn og nedervd uttale lenge før vi fekk Stadnamnlova i 1990.

Eg har samla på utklypp av namneklagesaker i 50-60 år, og eg hadde ein gong ein konvolutt full av slike klagesaker. Og eg må dessverre konstatere at det mest var bønder som klaga, bønder med slektsnamn som meir eller mindre likna på gardsnamnet. Men kva er grunnen til dette avviket mellom gardsnamn og slektsnamn? - - - Her må vi gå til historia, og vi har ei fyldig og grundig, men komplisert oversikt i NOU 1983:6 Stadnamnlova. Dette er ei av dei mest lesne bøkene i bokhylla mi, for eg brukar ta ho fram og lesa det eg treng når det er diskusjon om skrivemåten av stadnamn. Dei ofrar ikkje så mykje tid og plass på å forklare denne diskrepansen. Men ingen har forklart dette betre enn sambygdingen min, Ivar Kleiven (1854 – 1934) frå Vågå i artikkelen sin: **Embetsmenn og folkemålet i dansketidi**. Festskrift for Marius Hægstad, 1925.

Ivar Kleiven skriv at etter Reformasjonen (i Noreg 1537) vart både rettsstellet og kyrkjestellet befolka med danskar, det galdt både over- og underordna stillingar. Dei sistnemnde var folk som hadde lært seg skrivekonsta, men mange av dei som vart sende til Noreg, hadde ikkje fått seg arbeid i Danmark pga. ymse skavankar, fyll var vel det mest vanlege. Den gongen var Noreg eit mest reint jordbruksland, og mange av rettstvistene var jordbrukstvister, og da var det bruk for eintydige namn. Men dei danske juristane og skrivekarane var så ukjende med den norske nomenklaturen at dei berre sjeldan kunne bruke namna som eksisterte, men måtte lage nye namn og da helst etter dansk mønster. Dette resulterte i ei forunderleg røre

av mistydingar og meiningsløyser. Ivar Kleiven fortel levande om dette og kjem med eksempel. Men desse namna har levt vidare i protokollar, i dokument og i matrikkelen, og da folk begynte å få seg faste etternamn, var det desse namna som mest vart tatt i bruk; - namna som vart brukt til dagleg, var ikkje fine nok.

I 2009, da dette spørsmålet igjen fekk stor aktualitet, tok eg for meg dei tilfella eg visste om – der var meir og mindre likskap mellom det nedervde gardsnamnet og eigarens slektsnamn, og det vart ikkje så reint få. Ved hjelp av Norske Gaardnavne kunne eg føre dei fleste av desse nyare namna attende til dansketida etter Reformasjonen. Det sannsynleggjer at dei fleste av desse namna er skapte av dei danske makthavarane. Vi må kunne kalle dette for administrative namn.

I eit seinare prosjekt prøvde eg finne attende til sjølve skapingsprosessen, - da desse vart laga og fyrste gong tatt i bruk. Eg hadde 3 eksempel frå Ottadalen, heimstaden min, og 2 frå Trøndelag. Eg la mykje arbeid på dette, men dette vart for vidløftig for meg, for eg har ikkje trening i å leite i arkivstoff. Eg fekk heller ikkje hjelpa eg hadde behov for på arkiva. Ivar Kleiven hadde sikkert klart det, han som skreiv bygdabøkene for heile Gudbrandsdalen. Det gjetordet går at ingen i heile landet kjende arkiva så godt som han. - - - Eg veit det er for enkelt berre å gå til Norske Gaardnavne, slik eg har gjort, men eg har setti så mykje med dette at eg veit det er tilfelle for dei fleste namna sitt vedkomande.

Tidsskriftet Nytt om Namn har trykt alle dokumenta som vart presenterte for stortingsrepresentantane før forhandlingane og før vedtaket 13. januar 2009. Og det vanta ikkje på adekvat, fullgod informasjon, slik eg på førehand hadde mistanke om. Når resultatet likevel blir så bortafor all sunn fornuft, så har det dessverre berre ei forklaring: Medlemma av Kultur- og familiekommiteen og storparten av stortingsrepresentantane har dessverre utillateleg mangelfulle språk- og namnekunnskapar.

Det som skjedde på Stortinget 13. januar 2009 var sjokkerande og skaka meg inn til mergen. Det gjekk nokre dagar før eg fekk full greie på kva som hadde skjedd. Eg tok da kontakt med dei stortingsrepresentantane eg brukar ta kontakt med, men det virka som dei var hjernevaska, og ingen forstod fullt ut konsekvensane av vedtaket sitt. Eg er framleis like sjokkert, for det som skjedde den 13. januar 2009 er i grunnen heilt ufatteleg. På heile 1900-talet, i alle fall sidan 1933-, har folk med politisk makt og med kulturpolitisk tyngde – sett verdien av stadnamna våre og sørga for nødvendig vern. Når ein les om språk- og namnedebattane i Stortinget og i debattar elles -, ser ein at mange stortingsrepresentantar hadde god greie på skilnaden mellom nedervde gardsnamn og slektsnamn som likna på desse nedervde namn. Om vi ser på det som nå har skjedd, er det tydeleg av medlemma av nemnde stortingskommitee og storparten av stortingsrepresentantane ikkje veit skilnaden mellom slektsnamn og nedervde gardsnamn. Dei er utan kunnskap om korleis slektsnamn vart til og at avviket frå gardsnamnet oftast skuldast språkleg hjelpeløys hos dei danske makthavarane. (Dette har forresten vore lite i diskusjonen før og, men eg trur, ja, veit at mange var fullt klår over dette,) og eg trur at det

aktuelle stortingsvedtaket har vore utenkjeleg i alle Storting på 1900-talet!

To kvinnelege trønderrepresentantar var med i nemnde stortingskommite og hadde framtrekande posisjonar der, men utan å reagere. Her har dei sett seg eit minnesmerke som seint skal bli gløymt!

Ola Borten Moe fortel meg at han let vera å stemme fordi han såg dette bar gale i veg. Men han seier også at stemninga i Stortinget var slik at det var vanskeleg å røyste nei.

Det har i diskusjonane ofte vore hevda at bønder som kjempar for slektsnamnet sitt, oftast har møtt berre negativ motstand. Eg, som har fylgt desse diskusjonane i 50-60 år, meiner at det slett ikkje er tilfelle. Eg tykkjer vedtaksorgana somme gonger har strekt seg unødvendig langt for å koma klagene og klagarane i møte. Klagarane har lært seg å bruke sterke, harde og ofte stygge ord, og eg hugsar framleis kor dramatisk han forklarte seg namnekonsulenten i Eidsvoll mållag. Professor Jørn Sandnes, som var med i utvalet som førebudde stadnamnlova, skreiv sist på 1970-talet ein artikkel i tidsskriftet Heimen. Her skriv han at dersom det finst ein norsk kong David og han har ein Urias han vil kvitte seg med, så er det berre å utnemne han til namnekonsulent!. Dette fortel mykje om arbeidsforholda åt namnekonsulentane.

Høyringsnotatet. Både i Innleiinga og i vurderinga står det ting eg reagerar negativt på. På side 1, siste avnittet står det at forslagstillarane ynskje ei endring i lova som sikrar at bruksnamna ikkje blir endra utan grunneigars samtykke, og på side 2, fyrste avsnittet av Vurdering – står det at det er ynskjeleg å sikre eigaren sin rett til å motsetja seg endring av daglegnamnet, altså bruksnamnet.

Kva er dette til tallsnakk!! Eg ser her har den departementale skrivaren tatt i bruk vokabularet til dei to høgrrerepresentantane som er ansvarlege for denne unødvendige og uheldige lovendringa. - - - Eg kjenner dusinvis av bruksnamn både frå Ottadalen og frå Trøndelag, og daglegnamnet, det må da vera det namnet som blir til dagleg – av bygdafolket? Men dette namnet er i alle tilfelle eg veit om – lik det namnet som er i samsvar med den nedervde uttalen! - - - Men det er ikkje dette namnet lovendringa vil fremje; - det lovendringa vil presse fram er at slektsnamnet, som for mesteparten er skapte av danske tenestemenn – skal erstatte den norske namneskatten. Dette er å segle under falsk flagg!!

Om skrivemåten av stadnamn. Under punkt 3.2, andre avsnittet, står det at det ofte er serskilt kobling mellom bruksnamnet og eigarens etternamn. Og at det serleg er der eigarens etternamn har ein skrivemåte som avik frå gjeldande rettskrivingsprinsipp at det oppstår problem. - - - Her er kommentaren min: Desse departementale formuleringane er lite i samsvar med realitetane. Når det har oppstått usemje, er det fordi eigarens etternamn, slektsnamnet – ikkje er i samsvar med det daglege bruksnamnet som er i samsvar med det nedervde namnet.

Eg har ikkje opplevd at det har oppstått strid pga. rettskrivingsprinsipp. Om nokon påstår noko slikt, så er det ikkje i pakt med realitetane!!

Eg er ikkje samd med lovmakarane sine strenge normaliseringskrav når det gjeld skrivemåten av stadnamn, og ved lovrrisjonen 2005 protesterte eg mot dette da lova var ute på høyring. På Austlandet og i Trøndelag, der jamvektsregelen står sterkt, er det den som gjev namna karakter og verkeleg verdi. Men det er vel ikkje dette departementet tenkjer på.

Vidare under punkt 3,2 står det at eigaren har det avgjerande ordet om skrivemåten dersom han kan dokumentere offentleg bruk av ynskt skrivemåte. - - - Det vil ikkje by på vanskar i dei fleste tilfella. Det er i offentlege dokument vi fyrste gong finn desse nye namna, oftast i rettslege avgjersdokument. Men går vi litt lenger bakover, vil vi oftast finne ut at det ikkje er seriøse drøftingar som ligg til grunn, men at det er heilt ukunnige persjonar som står bak og at det var eit sjansespel om resultatet vart slik eller slik. Aktuelle formulering talar ikkje til departementet sin fordel!!

Det har vore forbod mot bokstavane c,q,w,x og z i norske stadnamn, men det ser på ut til at departementet vil lempe på desse krava når det gjeld skrivemåten av slektsnamna. Og gjerne for meg! Da kan dette stå til minne om den øydelagde stadnamnlova!

Dei nye lovparagrafane. Siste 14 dagar har eg hatt daglege økter der eg har prøvt å vurdere framlegget om revidering av §§ 6 og 8, men eg kjem til same resultatet kvar gong: Desse nye paragrafane vil øydeleggje heile Stadnamnlova. Gardsnamna er dei viktigaste av stadnamna våre, - det var gardsnamna som fyrst og fremst vart verna av dei kngl. resolusjonane av 1933 og 1957 og av Stadnamnlova av 1990. Med gardsnamna meiner eg dei namna som er i samsvar med nedervd uttale og som er i dagleg bruk i bygd og grend over mest heile landet. Det er desse namna som er så viktige for å forstå busetjingssoga vår og som reint språkleg er så viktige.

Ser vi på kultursoga vår gjennom heile førre hundreåret, så har desse namna fått den offentlege heider og status dei fortener, takka vera gode holdningar og gode kunnskapar hos den kulturpolitiske eliten vår. Slektsnamna med utgangspunkt i gardsnamn, - mange av dei er skapte av reine tilfellingheiter, og det var lovgjevarane også klar over. Og vi fekk ei realistisk verdiplassering av nedervde stadnamn i forhold til slektsnamna.

Nå er situasjonen omsnudd. Ein viktig stortingskommite og eit mest samla Storting har vorte så påvirka at dei ikkje oppfattar den reelle situasjonen, men ser han gjennom trollstilte briller som gjer kvitt til svart og omvendt. Og så kjem departementet og følgjer oppmed dei same meiningane og same synet og til og med med same vokabularet til dei to høgrerepresentantane som er mest ansvarlege for denne uheldige og unødvendige lovendringa.

Eg er redd for at vi nå har vikla oss inn i ein sjølvforsterkande prosess som vil føre oss ut i ulykka.

Dersom denne lova blir vedteki i pakt med departementet sine intensjonar, vil det øydeleggje heile Stadnamnlova. Vi vil mangle våpen til å forsvara det verkeleg viktige i lova. Vi vil få eit

forunderleg rot der ingen ting er rett eller gale lenger,og det blir lagt opp til strid og kiv – det vi har sett hittil,blir som småtteri å rekne

Eg ser berre ein utveg,og vi burde vera komne så langt i dag at det var mogleg:Departementet må avvise denne sake fordi ho vil øydeleggje ei av dei viktigaste lovene våre,Stadnamnlova.Og saka må så sendast attende åt Stortinget for ny behandling,

Orkdal 27.07.2012

Syver Svare

Kopiar: Harald Stanghelle,Aftenposten,Oslo.

Redaktør Olav Veka,Nytt om Namn,Postboks 1102 Blinders,0315 Oslo,

Stortingsreprentantane Trine Skei Grande og Gunn Karin Gjul,Stortinget,Oslo

,
,
,
,
,
,
,
,
,
,
,

,ordleggje seg.Dette galdt fyrst og fremst bønder som hadde slektsnamn som likna på gardsnamnet.Eg fekk bestemt inntrykk av at det var desse som representerte det eigentlege problemet for arbeidet hans.

Han fortalde at skulle ein finne fram til det rette namnet på garden,måtte ein høyre på den levande uttalen i bygdesamfunnet og helst ha som utgangspunkt at det skrevne namnet var feil, - serleg viktig var et å høyre på gammalt folk. Han fortalde levande og entusiastisk om kor verdifullt dette namnet var,for språket vårt og for busetjingsoga vår, og hjå meg har dette vore kunnskap eg har tatt vare på og bygt vidare på,og eg har mange gonger fått røyne at han snakka sant:

Eg har samla på namneklager,og ein gong hadde e g ein konvolutt full av av avisutklipp med slike klager.Og eg må berre konstatere at dei som klaga mest var bønder med slektsnamn som likna på gardsnamnet.

Eg meiner namnekonsulenten brukte uttrykket nedervde namn,men i dag er eg meir usikker på det.Men eg har brukt uttrykka nedervd uttale og nedervde namn lenge før vi fekk Stadnamnlova i 1990.

Når det gjeld gardsnamna våre,så har vi både ein muntleg og ein skriftleg tradisjon. Den muntlege tradisjonen halde seg utruleg stabil trass i skiftande kulturimpulsar.Namna har forandra seg,men i pakt med dei språklege forandringane,og dersom vi har gode nok språkkunnskapar,kan vi ofte finne fram til det opphavlege namnet. At dette er ein kulturell rikdom,seier seg sjølv.Det er mest utelukkande denne muntlege tradisjonen som blir brukt i lokalsamfunnet.Med omsyn til den skriftlege tradisjonen,så er den lite i bruk, - av og til har ein brukt slektsnamnet,sjølv om det avvik frå gardsnamnet,av og til gardsnamnet der det kan avvike frå brukarens slektsnamn,dei som er bestemte etter Stadnamnlova, er nokonlunde betryggande.

Men kåfor så ofte dette avviket mellom gardsnamn og slektsnamn?Da må vi gå til historia,og vi har ei grundig og fyldig,men komplisert oversikt i NOU 1983 : 6,STADNAMN,forfatta av eit

statsleg utnemnt utval som skulle førebu stadnamnlova. Dette er ei av dei mest leste bøkene eg har i bokhylla, for eg brukar finne ho fram og lesa det eg treng når diskusjonen gjeld skrivemåten av stadnamn. Dei brukar ikkje så mykje tid og plass på å forklare denne diskrepansen, men eg tykkjer ingen har forklart det betre enn sambygdingen min, Ivar Kleiven (1854-1934) frå Vågå i artikkelen sin: **Embetsmenn og folkemåle i dansketidi** i Heidersskrift for Marius Hægstad, 1925. Kleiven fortel at etter Reformasjonen vart både rettsstellet og kyrkjestellet her i Noreg befolka med danskar, det galdt både over- og underordna stillingar. Dei sistnemnde var folk som hadde lært seg skrivekonsta, men dei som vart sende til Noreg, hadde ikkje fått seg arbeid i Danmark på grunn av ymse skavankar, fyll var visst det viktigaste. Noreg var den gong eit mest reint jordbruksland og mange av rettstvistene var jordbrukstvister, og da var det behov for eintydige namn. Men dei danske juristane og skrivekarane var så ukjende med den norske nomenklaturen at det var berre sjeldan dei kunne ta i bruk namnet som vart brukt. Dei måtte laga nye namn og det vart da helst etter dansk mønster, og resultatet vart ei forunderleg blanding av mistydingar og meiningsløyser. Han kjem med fleire eksempel på dette.

Men desse namna har levt vidare i protokollar, i dokument og i matrikkelen, og da folk begynte å skaffe seg slektsnamn, var det desse namna som mest vart tatt i bruk. Namna som alt eksisterte, var ikkje fine nok.

I 2009, da dette spørsmålet hadde stor aktualitet, tok eg for meg dei tilfella eg kunne finne på der slektsnamnet likna på gardsnamnet, - og det vart ikkje så få tilfelle. Ved hjelp av Norske Gaardnavne, kunne eg føre dei fleste av desse namna tilbake til dansketida etter Reformasjonen. Det sannsynleggjer at dei fleste av desse namna er skapte av dei danske makthavarane. Vi må kunne kalle dette administrative namn.

I eit seinare prosjekt prøvde eg finne fram til sjølve skapingsaugneblikken for slektsnamnet. Eg tok for meg 5 eksempel der gardsnamnet likna på slektsnamnet åt eigaren, 3 var frå Ottadalen, frå heimtraktene mine, 2 var frå Trøndelag. Eg la mykje arbeid på dette, men dette vart for vidløftig for meg, for eg eig ikkje trening i å finne fram i arkivstoff. Eg fekk heller den hjelpa eg hadde behov for på arkiva. Eg måtte gje meg utan å ha nådd målet. Ivar Kleiven, som skreiv bygdebøkene for heile Gudbrandsdalen, hadde sikkert klart det, for gjetordet seier at ingen i landet kjende arkiva så godt som han. Eg veit det er for enkelt å bruke Norske Gaardnavne, men eg har seti så mykje med dette at eg veit det er sant for dei fleste namna sitt vedkomande.

Tidsskriftet Nytt om Namn har trykt alle dokumenta som vart presenterte for stortingrepresentantane i forkant av forhandlingane og vedtaket 13. januar 2009. Og det vanta ikkje på adekvat, fullgod informasjon, slik eg på førehand hadde mistanke om. Når resultatet vart så bortanfor all sunn fornuft, har det dessverre berre ei forklaring: Språkkunnskapene og spesielt namnekunnskapen hos medlemma av Familie- og kulturkomiteen og hos storparten av stortingsrepresentantane er dessverre utillateleg mangelfulle.

Som før fortalt hadde eg kontakt med fleire stortingrepresentantar, men dei aller fleste forstod ikkje rekkjevidda av vedtaket sitt, og dei virka som hjernevaska. Det er ennå uklart for meg korleis dei hadde vorte påverka, korleis det går an å villeide eit heilt Storting. - - - To trønderkvinner hadde leiande posisjonar i nemnde stortingskommite; - her har dei sett seg eit minnesmerke som seint skal bli gløymt. Ola Borten Moe fortalde meg at han let vera å røyste, fordi han såg dette bar gale i veg. Men han sa også at stemninga var slik at han ikkje våga å stemme nei.

For meg var dette katastrofedøgn, noko av det verste eg har opplevd. Eg miste tilliten til folk eg har trudd på, og eg kjenner i dag at dette er tapt tillit. Dette har potensialet i seg til å øydeleggje heile Stadnamnlova.

Medlemma av nemnde stortingskommite og dei fleste av stortingsrepresentantane ser ikkje skilnad på nedervde gardsnamn og slektsnamn som liknar på desse nedervde namna. Dei er tyleleg heilt uvitande om korleis desse namna vart til og at dei fleste skuldast manglande språkkunnskap og språkleg hjelpeløyse hos namngjevarane som var dei danske juristane og kontoristane. Dette har forresten vore lite framme i all tidlegare diskusjon, både i Stortinget, i aviser og all tidlegare diskusjon, men eg veit at mange på Stortinget var klar over dette, og eg trur at dette vedtaket hadde vore utenkjeleg i alle Storting på 1900-talet.

Vi som har fylgt med i namnevernet siste 50-60 åra, har ofte sett at det er bønder med slektsnamn som meir omg mindre avvik frå gardsnamnet som står bak dei aller fleste namneklagesakene. Dei har lært seg å bruke harde ord, og dei har klart å skapa frykt hos dei som skal handheve lover og regelverk. Eg hugsar ennå kor dramatisk har forklarte seg namnekonsulenten som snakka til Eidsvoll mållag. Prof. Jørn Sandnes, som var med i utvalet som førebudde Stadnamnlova, skreiv ein artikkel i tidsskriftet Heimen sist på 1970-talet. Her skreiv han at dersom ein norsk David har ein Urias han gjerne vil bli kvitt, så var det berre å utnemne han til namnekonsulent. Det fortel oss kor vanskeleg denne oppgava var.

Det er ikkje sant at desse protestane og desse protestantane ikkje har vorte høyrde og teki omsyn til. Eg har fylgt nøye med sidan vi fekk Stadnamnlova i 1990, og eg tykkjer vedtaksorgana ofte har strekt seg lenger enn nødvendig for å koma protrestantane i møte. Samtidig har namnekonsulentar og vedtaksorgan hindra at desse aggressive bøndene har fått alt for stor makt, og takk og pris for det! Aktuelle stortingskommite og nåverande Storting av 2005 er tydelegvis ikkje klar over denne svært så aktuelle problemstillinga. Og med eit slikt utgangspunkt kan sjølvsagt ikkje vedtaket gje noko rett svar på problema.

Vurdering av høyringsnotatet.

Både i Innleiing og Vurdering står det ting eg reagerar negativt på. På side 1, siste avsnittet står det at forslagstillarane ynskde ei endring i lova som sikrar at bruksnamn ikkje kan endrast utan grunneigars samtykke. Og på side 2, fyrste avsnittet av Vurderinga står det at det er ynskjeleg å sikre eigarane sin rett til å motsetja seg endring i daglegnamnet. Kva er dette til tullsnakk!! Eg ser at her har den departementale skrivaren brukt vokabularet til dei to høgrerepresentantane som er ansvarlege for denne unødvendige og uheldige

lovendringa, og som ikkje er i samsvar med realitetane. Eg kjenner dusinvis av bruksnamn både frå heimtraktene, Ottadalen, og frå Trøndelag, og bruksnamnet, daglegnamnet, må da vera det namnet som blir brukt til dagleg av bygdafolket?? Men dette namnet er, i alle tilfelle eg veit om, lik det namnet som er i samsvar med den nedervde uttalen!!

Men det er ikkje dette namnet lovendringa vil fremje. Det lovendringa vil presse fram er at slektsnamn, som i dei fleste tilfella vart skapte av dei danske tenestemennene – skal erstatte den norske namneskatten. Dette er å segle under falsk flagg!!

Om skrivemåten av bruksnamn. I punkt 3,2, andre avsnittet, står det at departementet meiner at bruksnamna står i ei serstilling i forhold til andre stadnamn. Det er bl.a. ei serskilt kobling mellom bruksnamnet på eigedommen og eigarens etternamn. Det er serleg der eigarens etternamn har ein skrivemåte som avvik frå gjeldande rettskrivingsprinsipp det oppstår problem. - - Dette er meiningar og formuleringar som ligg fjernt frå realitetane. Eg har gått gjennom alle tilfelle som eg veit om, men eg finn ikkje likskap med noko av desse tilfella. Og for å repetere realitetane: Vi har på den eine sida dei nedervde gardsnamna, og dei står framleis urokkelege over (mest) heile landet. Det gjeld berre å ta dei i bruk! På den andre sida har vi brukarens etternamn som for mesteparten er skapt av dei danske juristane og skrivekarane som hadde ein ting til felles: Dei var ukunnige om det norske språket.

Vidare under same punktet står det at departementet vil foreslå at lova blir endra slik at eigar får det avgjerande ordet ved fastsetjinga av eigedommens bruksnamn. Forutsetjinga er dokumentasjon av tidlegare offentleg bruk av dette namnet.

Det er sjeldan eg les setningar som ligg så langt frå realitetane. Den departementale kunnskapen er meir i pakt med ein innbilt situasjon, eit falsk draumbilete. Eg har, som sagt fylgt med i namnestridane om gardsnamn i 50-60 år, og det som har vore det reelle problemet har vore å verne det nedervde gardsnamnet, som i alle tilfelle eg veit om er identisk med det dagleg brukte namnet, mot desse konstruerte og ofte framandgjorde namna.

Det var hovudføremålet i dei to kng. resolusjonane i 1933 og 1957 og med Stadnamnlova i 1990. Og dei har i alle år etterpå representert ein viktig del av arbeidet til namnekonsulentnemndene. Åtaka har ofte vore harde, urettferdige og uforsonlege, men dei som har hatt ansvar, har vore sikre på si viktige, nasjonane oppgave og stått i mot og klart seg bra, mykje fordi eit forstandig Storting har stått bak som garantisk.

Til slutt i same avsnittet står det at dersom det kan skaffast be,vis for offentleg bruk av slektsnamnet – skal denne forma vedtakast utan meir høyring – gransking. Slike departementale formuleringar er skræmmande. På 1900-talet var det stemning for fornorsking av stadnamn og institusjonsnamn. Nå ser vi teikn på det motsette – at det er krefter som vil reversere denne prosessen. Er det også departementet si line?

Ein ting er i alle fall sikkert: Dersom vi får ei lov med liknande formuleingar som i dette departementale skrivet, - vil det fullstendig rasere Stadnemnlova og dei intensjonane som ligg bak denne lova. Det blir tatt somme reservasjonar for dei primære gardsnamna, men

desse tankane byggjer mest på tenkte,innbilte situasjonar og ikkje på den reelle situasjonen,og derfor vil dette ble til lite gagn.

Vi vil få ein vill,uoversiktleg situasjon med mykje kiv og strid.Ingen ting blir heilagt lenger,alt bli like rett og like gale.Alt som generasjonar har bygt opp,vil bli rasert med nokre ordknappe,nye lovparagrafar.

I same avsnittet:Bruk av bokstavne c,q,x og z.Eg forstår det slik at departementet nå vil lempe på forbodet i samband med lovendringa.Og gjerne for meg.Det vil minne folk om øydelegginga av Stadnamnlova.

Dei foreslåtte forandringane av §§ 6 og 8 i Stadnamnlova,vil –om dei blir vedtekne- øydeleggje heile Stadnamnlova. Vi burde ha kome så langt i utvikling at vi kunne ha erkjent dette og sendt saka attende til Stortinget til ny behandling.

Orkdal 25. juli 2012

Syver Svare